

ÅRSMELDING FOR SONGKORET SPLEIS 2022

Det vart halde årsmøte i Songkoret Spleis tysdag 15.03.2022 i lokala til Einekavane AS på Matre.

På årsmøtet vart fylgjande styre valt:

Leiar	Liv Oda Dale	Attval	1 år
Kasserar	Maud S. Holmaas	Ikkje på val	1 år
Styremedlem	Bernhard Krokås	Ikkje på val	1 år
Styremedlem	Jan Fauskanger	Attval	2 år
Styremedlem	Elin Matre	Attval	2 år
1. varamedlem	Dina Dyrhovden	Ny	1 år
2. varamedlem	Britt Hamsund	Attval	1 år
Revisorar:	Haldis Ulvatn	Attval	1 år
	Bjarne Håheim	Attval	1 år

Når vi ser bort frå januar så var 2022 eit tilnærma normalt korår etter to år med koronaepidemi. Vi har hatt to styremøte i perioden.

Det har ikkje vore formelle medlemsmøte, men som tidlegare blir avklaringar, problemstillingar og anna tatt opp på «allmannamøte» på øvingskveldane eller på e-post.

2022 var eit aktivt år for Spleis.

Vi deltok på Moldova-konsert i Knarvik kyrkje 03.04.22. Det var kjekt å kunne bidra for ei god sak.

Spleis hadde ei kjekk helg i Ulvik 29.04.-01.05.22. Norges Korforbund Hordaland arrangerte «Kor i fjorden», eit minisongarstemne der fleire kor deltok. Vi fekk med oss cidersmaking, syngeshjørne, konsert i ungdomshuset og i kyrkja.

Kjersti hadde ikkje anledning til å vere med denne helga, men Jan L. Jacobsen steppa inn som dirigent for oss. Vi hadde øving med han i ungdomshuset laurdag morgon og han dirigerte oss med humor og ei stødig hand på dei to konsertane.

Om kvelden var det festmiddag og underhaldning av Sjur Hjeltnes.

Spleis deltok på konsert i Knarvik senter 28.05.22 i regi av Rotary Nordhordland.

Vårhalvåret vart avslutta 14.06.22 med middag på Bryggeloftet i Modalen – ein kjekk kveld!

Vi starta opp att med første øving i hausthalvåret 23.08.22.

Vi hadde seminar laurdag 08.10.22, der vi begynte innøving av juleprogrammet. Boris Kuprianov var med og spelte piano og hadde stemmeøving med mennene. Ein god og effektiv seminardag.

Søndag 09.10.22 arrangerte Spleis korkafe i Dalsøyra samfunnshus. Til vår store glede og overrasking kom det svært mykje folk og vi måtte setje inn mykje meir av både stolar og bord – salen var stappfull! Brekke mannskor og elevar frå kulturskulen i Gulen var gjester. Det vart ein veldig kjekk korkafe med flott program, rikeleg med kaffi og kaker og svært fornøgde publikummarar!

Julekonsertane dette året var slik:

Laurdag 10.12.22	Gulen kyrkje, Eivindvik
Søndag 11.12.22	Frøyset kyrkje og Solheim kyrkje
Tysdag 13.12.22	Masfjorden sjukeheim

Etter konserten på sjukeheimen vart det juleavslutning på den nyopna Country Cafeen på Hosteland. Det var ein kjekk kveld der vi fekk servert juleallerken og dessert.

Vi starta opp vårhalvåret -23 tysdag 10.01.23.

Planen var å delta på dei tradisjonelle nyttårskonsertane i regi av NK Hordaland. På grunn av sjukdom hos pianisten måtte vi dessverre trekke oss frå konserten i Sælen kirke.

Fokus på øvingane i starten av 2023 er programmet vi skal framføre i Krakow i mai.

Laurdag 11.02.23 hadde vi seminar med Jon Flydal Blichfeldt. Det var ein kjekk og svært lærerik seminardag med fokus på innlevelse, formidling og fokus.

Kjersti Wiik har også dette året vore vår engasjerte og dyktige dirigent, noko vi set stor pris på.

Tysdag har vore øvingsdag og øvingane har vore frå kl 1800 i gymsalen på Matre skule.

Liv Oda Dale har også dette året vore leiar i Norges Korforbund Hordaland.

Spleis hadde 25 betalende medlemmer pr. 31.12.2022. Dette er medrekna dei som betalte kontingenten for 2022 i 2023.

Hosteland, 26.02.2023

For styret



Liv Oda Dale

leiar